

Medlem og varamedlem i Eid fjord fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsak-id-doknr: 20/175-47      Saksh: Heidi Herstad Prestegård      Arkivkode K1-033  
Journalpost-id: 23/1871      Telefon: 53 67 35 37      Dato: 21.02.2023

## Møtebok 21.02.23

**Tid:** Kl. 10.00 – 12.00.

**Stad:** Møterom i 2. etg. på kommunehuset.

**Frå fellesrådet møtte:** Marete Sæbø, Sigrid Bu, Johanna Håbrekke, Magnar Røise, Harald Næss, Frode Eriksen og Ole-Johnny Odland.

**Frå administrasjonen møtte:** Magnus Steigedal (rådmann) og Heidi Herstad Prestegård (møtesekretær).

**Til å skriva under møtebok:** Marete Sæbø (leiar) og Harald Næss (nestleiar).

### Sak 86 – Godkjenning av møtebok

Møteboka frå førre møte, 29.11.22, vert godkjend.

### Sak 87 – Møteplan første halvår 2023

Komande møte i fellesrådet vert 25. april og 6. juni.

### Sak 88 – Orienteringar og spørsmål v/rådmann Magnus Steigedal

Rådmannen presenterer seg for fellesrådet. Hans viktigaste rolle som rådmann er å forvalta kommunestyret sine vedtak etter gjeldande lover og regelverk.

Rådmannen informerer om tilbakemelding frå statsforvalteren etter tilsynssak, og at det inntil vidare vil verta stopp i all ny tilknytning til VA-nettet i Sysendalen.

Administrasjonen vonar å koma fram til ei løysing ilag med statsforvaltaren, som kan fungera mellombels før det nye reinseanlegget er på plass.

Han nemner elles det å ta vare på alle delar av kommunen vår, rekruttering og bevaring av folketalet som viktige fokusområde framover.



Hardanger

### **Sak 89 – Eldrevaktmeistertenesta**

Det finst lite informasjon når det gjeld både eldrevaktmeistertenesta og heimehjeltenesta i kommunen. Målet må vera at dei som har behov for desse tenestene kan finna informasjon, samt å søkja om dei, på enklast mogeleg vis.

Leiar for heimebaserte tenester og eldrevaktmeister kunne ikkje stilla i dagens møte likevel, og vert difor inviterte til eit nytt møte i mars. Møtesekretær organiserer og kallar inn til dette ekstramøtet.

Leiar i fellesrådet har, grunna forfalla, invitert Reidar Gjøtterud til handsaming av saka, for å orientera om frivilligcentralen i Eidfjord kommune. Gjøtterud er styremedlem der. Han fortel at dei tidlegare fekk oppdrag via sekretæren på bygdaheimen, som mottok henvendingane. Dette vert ikkje praktisert lenger, og det er soleis fleire år sidan frivilligcentralen var aktiv. Rådmannen tek dette vidare.

### **Sak 90 – Eidfjord Bygdaservice AS**

I dette høvet vart Eidfjord Bygdaservice AS v/Adrian Telle Hus og Hans Olav Lægreid inviterte til å orientera fellesrådet om si verksemd.

### **Sak 91 – Søknad om midlar til Sparebankstiftinga Hardanger**

Leiar ber medlem i fellesrådet om å koma med framlegg til aktivitetsapparat det skal søkast midlar til. Søknadstiden er 31. mars, og framlegga må difor vera klare til ekstramøtet som skal vera i mars.

### **Sak 92 – Vegen vidare**

Fellesrådet ynskjer å få oversiktlege og gode heimebaserte tenester til innbyggjarane, samt ein aktiv frivilligcentral.

### **Sak 93 – Ymse**

- Reidar Gjøtterud informerer om Evjo aktivitetssenter, og om aktivitetane der. Han inviterer både rådmann og fellesrådet på besøk, gjerna for å halda møtet sitt der.
- Leiar vil ha eventuelle tilbakemeldingar frå medlem i fellesrådet vedkomande saklista før møtet, for å kunna vera best mogeleg førebudd.
- Det er eit ynskje om å motta innkalling 2 veker før møta i fellesrådet.
- Framlegg om at betre skilting for gang- og sykkelvegen ved bygdaheimen mot Evjo bustadfelt må på plass, då det ved fleire høve har køyrd bilar på denne vegen.

Med venleg helsing  
Eid fjord kommune

Heidi Herstad Prestegård  
Sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok